

**INFORMASJON**  
Kommuneval 2023  
Midt-Telemark KrF



*Tid til det viktigaste*

**Torstein Haukvik**  
1. kandidat

**Det gode samfunnet vert skapt i eit samspel mellom  
det enkelte menneske, offentlege styresmakter og  
privat og frivillig verksemd.**





### Tormod Helås

2. kandidat

#### Natur og miljø

Godt forvaltaransvar skal vere ein av berebjelkane i Midt-Telemark KrF.

#### Det er viktig med:

- Miljø- og naturvern i all arealplanlegging
- Vern av artsmangfaldet og av dyrkbar mark
- Større satsing på energi-økonomisering
- Solcellepanel på fleire kommunale bygg
- Oppfølging av den nasjonale strategien for pollinerande insekt

#### Helse og god livskvalitet

#### Midt-Telemark KrF vil styrke og satse på:

- Fastlegeordninga
- Tiltak som styrkar god folkehelse ved all kommunal planlegging
- Kvardagsrehabilitering for dei med begynnande hjelpebehov
- Riktig balanse mellom heimebaserte tenester, omsorgsbustader og sjukeheims plassar
- Omsorgsbustader med bemanning heile døgnet
- Tilbodet for demente

### Bente Klokkehaug

3. kandidat

#### Oppvekst

#### Midt-Telemark KrF vil arbeide for:

- Tidleg innsats i skulane med fokus på fagleg kvalitet på 1. trinn
- Tryggare skuleveggar, fleire gang- og sykkelveggar
- God balanse mellom digitale læremiddel, papir og blyant
- Styrking av helsestasjonen og foreldrerettleiing
- God tilgang for alle elevar til helsesjukepleiar
- God balanse mellom offentlege og private barnehagar

Midt-Telemark KrF vil arbeide for at kultur, idrett og frivilligheit skal ha gode vilkår med tilbod som best mogleg reflekterer mangfaldet av interesser. Vi vil særleg støtte aktivitetar til barn og unge slik at flest mogleg kan delta.

Gullbring må vidareutviklast som storstue og kulturhus og som eit viktig samlingspunkt for generasjonar og aktivitetar.

Frivilligsentralane på Gvarv og i Bø skal få kommunal støtte til vidareutvikling som gode aktivitets- og møteplassar.

Kommunen må revidere arealplan for tilrettelegging av attraktive tomter i ulike deler av kommunen.

Midt-Telemark kommune er den største landbrukskommunen i Telemark. Det er gode utsikter for vidare utvikling, særleg innan frukt- og bærproduksjon.

Kommunen må vere aktiv i kampen om arbeidsplassar og næringsetablering.

Midt-Telemark er ein stor turistdestinasjon. Kommunen må sjå heilskapen innan turistnæringa slik at tilboda kan utfylle kvarandre.

Gode offentlege kommunikasjonstilbod er viktig for mangfaldet av aktivitetar i kommunen, for næringsutvikling og for auka tilflytting.



Les heile vårt program på  
[krf.no/lokallag/midt-telemark-krf/kommuneprogram-2023-2027](https://krf.no/lokallag/midt-telemark-krf/kommuneprogram-2023-2027)



“

Kommunen må ha heilskapleg fokus på og strategi for mot-tak og integrering av nye flyktningar.

# TI GODE GRUNNAR

# TIL Å STEMME KRF

## 1. Verdier som varer

KrF vil ta vare på verdiane Noreg er bygd på, for vi kan ikkje ta dei for gitt. Kjenner vi røtene våre, er vi òg tryggare i møte med nye menneske og kulturar. Menneskeverdet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret er verdier å bygge framtida på.

## 2. Tid og valfridom for familien

KrF vil vidareføre kontantstøtta fram til barnet er 2 år. Vi vil halde fram med å auke barnetrygda opp til 2000 kr i månaden for barn mellom 0 og 6 år, og til 1500 kr i månaden for dei mellom 6 og 18 år.

## 3. Eit aldersvenleg samfunn

Det skal vera trygt og godt å bli gamal i Noreg. Derfor vil KrF ha ei eige pårørandestøtte. Fleire sjukeheims plassar må byggast og heimetenesene styrkast.

## 4. Trygg omsorg når du treng det

Noreg skal ha eit godt helsevesen som kan gi rett hjelp til rett tid. I dag må helsepersonell springe frå oppgåve til oppgåve. KrF vil arbeide for auka rekruttering og betre arbeidskvardag for helsepersonell.

## 5. Levande lokalsamfunn med gode arbeidsplassar

KrF vil legge til rette for lokalt forankra verksemdar som gir trygge arbeidsplassar og er med på å bygge gode lokalsamfunn over heile landet. Vi ønskjer eit livskraftig landbruk som gir auka matproduksjon, betre inntektsutvikling for bøndene og styrka jordvern.

## 6. God overgang frå barnehage til skule

Ein god start på skulegangen legg grunnlaget for mange viktige barneår. KrF vil ha fleire trygge vaksne i skulen og barnehagen. Vi vil skifte ut dagens førsteklasse med ei førskuleklasse der leik, tryggleik og relasjonar har ein sentral plass.

## 7. Meiningsfull og trygg oppvekst

KrF vil innføre eit nasjonalt fritidskort som gjer det mogleg for alle barn og unge å delta i sosiale fellesskap. Stadig fleire unge slik med psykiske helseutfordringar. KrF meiner det er viktig med aldersgrense for sosiale media, og at selskapa må stå ansvarlege for at ho blir halden. Skulen skal vera mobilfri.

## 8. Menneskeverd i alle fasar av livet

Vi vil kjempe for menneskeverdet i alle fasar av livet. Ingen skal sorterast vekk! KrF vil ha betre støtte for dei som får barn som treng ekstra omsorg. Vi seier tydeleg nei til å svekke rettsvernet for ufødt liv og til aktiv dødshjelp.

## 9. På lag med dei som treng det mest

Vi vil støtte ideelle og frivillige aktørar innan mellom anna rusomsorg og tiltak for barn og unge. Dei gjer eit viktig arbeid for å førebygge problem og hjelpe menneske i ein sårbar situasjon.

## 10. Nestekjærleiken veit ikkje av grenser

KrF vil halde bistand og utviklingshjelp oppe på eit høgt nivå. Vi vil ta vare på jorda for dei som kjem etter oss. Klimakrisa er først og fremt ei krise for dei fattige i verda. Vi i Noreg må gjera vårt for å stanse klimaendringane gjennom å kutte i våre egne utslepp og bidra aktivt internasjonalt.

